

Reguleringsføresegner for Kjøytevikje
del av g.nr 57 b.nr 1.

Området regulerast til:
Jord / skogbruksområde.
Byggeområde hytter
Veg / trafikkområde
Område for kommunalteknisk verksemd

§1

Føresegnene gjeld for det område som er visa med regulerigsgrense på plankartet.

§2

Hyttene skal ha maks.100m² BYA (bygd areal) Bygningane skal ha saltak. 1 etg. ståande kledning eller lafta tømmer, gesimshøgde maks.3m mønehøgde maks.6 m. frå topp grunnmur. Det kan førast opp 1 uthus maks 10m². i tilknytning til hovedhuset (danne tun)
Byggingen skal ha saltak med maks. gesimshøgde 2,5m. og maks. mønehøgde 5m frå topp grunnmur, dette skal vera utan isolasjon og innvendig kledning og med vindauge i avgrensa omfang.
Taktekking, torv eller tre. naturvenlege fargar.
Står hyttene på pilarar skal det gjerdast mellom desse p.g.a. sau og andre dyr.

§3

Det skal opparbeidast hølveg med parkeringsplassar, i alt 2 plassar pr. hytteeining .
Før byggjeløyva vert gjeve må parkeringsplassar vera opparbeidd.

§4

Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på så langt rå er.

§5

Hyttene kan ha høg sanitær standard. Vatn frå felles brønn.
Før byggjeløyve vert gjeve må det liggje føre godkjend avløpsplan

§6

Hushaldsavfall skal leverast i tilvisa avfallskonteiner ved Haugsæl.
I fall det skulle bli endring i renovasjonsrutene er det avsett område for kommunalteknisk verksemd i planområdet.

§7

Starumforsyning ,tel. o.a. leggjast i jordkabel.

§8

Etter at planen med føresegner er vedteken ,kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med denne.